



**FYLKESMANNEN I ROGALAND
UTDANNINGSAVDELINGA**

TILSYN MED GJESDAL KOMMUNE

TIDSROM: 01.04.2009 **ARKIVKODE:** 2009/1832

ADRESSE: Gjesdal kommune,

TILSYNSGRUPPE: Jorunn H. Barka, Kåre Høines, Lars Wetteland

KONTAKTPERSON I KOMMUNEN: Skolefagleg rådgivar Hilde Siira

Regelverk:

- Lov av 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Tilsynet omhandla følgjande emne:

Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar har eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at organiseringa av elevane i grupper skjer i samsvar med krava i lova, jf. opplæringslova §§ 13-10 andre ledd og 8-2.

Fylkesmannen avdekte ikkje avvik under tilsynet.

Dato: 11.05.09

Jorunn H. Barka
tilsynsleiar/rådgivar

Kåre Høines
seniorrådgivar

Lars Wetteland
rådgivar

Innhold:

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Om vurdering av lovkrav
4. Gjennomføring
5. Konklusjon

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Gjesdal kommune 01.04.2009. Tilsynet er ein del av eit felles nasjonalt tilsyn der fylkesmennene i kvart fylke fører tilsyn med same tema med 4 kommunar og 1 privatskole.

Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfyljing av krav innafor gitte emne, og rapporten viser avvik som blei avdekt under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Gjesdal kommune har eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at organiseringa av elevane i grupper skjer i samsvar med lovkrava.

Tilsynet omfatta bl.a. undersøking om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- korleis kommunen driv verksemda si innafor egne rammer og dei rammer som styresmaktene har sett

Tilsynet blei gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Rapporten omhandlar avvik som blei avdekt under tilsynet.

- AVVIK er mangel på oppfyljing av krav fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Korrespondanse mellom kommunen og fylkesmannen
- Dokumentasjon, jf. vedlegg 1
- Tidligare tilsynsrapportar

3. Om vurdering av lovkrav

Kontrollen i felles nasjonalt tilsyn 2009 er avgrensa til om kommunen har eit forsvarleg system for å sikre at elevane blir organiserte i grupper, jf. opplæringslova §§ 13-10 andre ledd og 8-2. Det avgrensa området for kontroll inneber at fylkesmannen ikkje behandlar andre forhold i tilsynet. Sluttrapporten til skoleeigar er såleis ikkje uttømmmande, men ei positiv avgrensing av det kontrollerte området. Fylkesmannen kan ikkje utelukke at det kan vere avvik på andre område enn det som er nemnd i sluttrapporten.

4. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel blei sendt: 11.02.2009

Formøte: 24.03.2009

Intervju: 01.04.2009

Sluttmøte: 30.04.2009

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane i tilsynet.

5. Konklusjon

Fylkesmannen fann ingen avvik og avsluttar med dette tilsynet i Gjesdal kommune.

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale tilsendt frå Gjesdal kommune:

1. Organisasjonskart for Gjesdal
 - a. Politisk
 - b. Administrativt
2. Delegasjonsreglement i Gjesdal
 - a. Politisk
 - b. Administrativt
3. Årsmelding 2007 for Gjesdal
4. Årsrapport 2007 opplæring
5. Tilstandsrapport 2007/2008 for skolane i Gjesdal
6. System for Kvalitetsoppfølging i Skolen (SKS)
7. Læringsmål for tenesteområdet opplæring
8. Rutinar for overgang barnehage – skole og barneskole – ungdomstrinn
9. Budsjett- økonomiplan 2007 – 2010 for tenesteområdet opplæring
10. Budsjetttrundskriv 2010 – fremdriftsplan
11. System/prinsipp for tildeling av budsjett – skolane
12. System for oppfølging av skolane – sikring av informasjonsflyt i verksemdene for rapporteringar og tilbakemeldingar. Innkallingar og referat.

Materiale tilsendt frå Ålgård skole:

1. Presentasjon av skolen med informasjonsskriv til føresette
2. Organisasjonsplan
3. Teamoversikt
4. Informasjon om leseprosjektet SOL
5. Informasjon om overgangen barnehage – skole
6. Informasjon om språkstasjonen
7. Informasjon om fadderordninga
8. Rutinar for arbeid med elevar med særskilte behov
9. Skjema for elevsamtalar 1. – 4. trinn
10. Skjema for elevsamtalar 5. – 7. trinn
11. Plan for det sosialpedagogiske arbeid/mobbepplan ved Ålgård skole
12. Elevsaker med sakkyndig vurdering, vedtak og IOP
13. Resultat frå Elevundersøkelsen 2008, 7. trinn
14. Vekeplanar for 6. trinn

Materiale tilsendt frå Gjesdal ungdomsskole:

1. Om organisering av elevane i grupper – dette gjør skolen
2. Rutinar for overgangen mellom barnetrinn og ungdomstrinn
3. Organisasjonsplan
4. Informasjon om trivselstime
5. Informasjon om KULT (Kultur for undervisning, læring og trivsel)
6. Handlingsplan 2007-2010
7. Elevsaker med sakkyndig vurdering, vedtak og IOP
8. Informasjon om Stasjonen

Vedlegg 2: Oversikt over personane frå kommunen som var direkte involvert i tilsynet

Namn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte
Bodil Sivertsen	Rådmann	x	x	x
Jone Haarr	Skolesjef			x
Hilde Siira	Skolefagleg rådgivar	x	x	x
Øyvind Oppdal	Rektor Gjesdal u-skole	x	x	x
Arne Drangeid	Lærer Gjesdal u-skole	x	x	x
Bente Johnsen	Rektor Ålgård skole	x	x	x
Karen Helen Seppola	Lærer Ålgård skole	x	x	x

Frå Fylkesmannen deltok Kåre Høines, Lars Wetteland og Jorunn H. Barka med sistnemnde som tilsynsleiar.